



### *"Fredsministerens hjørne"*

*Norge var det første landet i verden til å etablere et miljøverndepartement. Nå er det på tide med et fredsdepartement – slik de har i Nepal eller Etiopia. Dagens mediabilde er så preget av militarisme, at vi mener det trenges en motvekt.*

*Fredsbevegelsen ved Internasjonal kvinneliga for fred og frihet – WILPF- Norge har bare startet opp, for å få fram hva vi tenker en fredsminister ville sagt – om vi hadde én. Vi er flere som skriver under samme vignett – med fokus på fredsminister som institusjon.*

## **'TRYGG START' – OM Å FØREBU OSS PÅ FRED** Intervju med Norges fredsminister H. Ekehaug – desember '23

Det må vera like høg prioritert å førebu oss på fred som å førebu oss på krig. Kvar enkelt av oss må øva på fred i det små og kvardagslege, slik siste fredsminister påpeika.

### *• Korleis definerer du fred?*

Fred er ikkje berre mangel på krig eller mangel på fysisk vald! Fred er å kjenna seg trygg, akseptert og ha ei kjensle av å høyra til! Slik sett er det i grunnen mange som lever i ufred, sjølv her i landet. Dersom born veks opp med fred i heim, skule og nærmiljø, så vil kvar enkelt ha ein innebygd fredsminister.

### *• Kva er konflikt?*

Konflikt i seg sjølv er ikkje negativt, men ei kjelde til læring og utvikling som startar med å kjenna eit ubehag. Dersom me medvitslaust blandar saman sak og person går det mot sorg og smerte.

### *• Korleis øva på fred i konflikta?*

Me må vera medviten på våre eigne kjensler og gje plass til andre sine kjensler. Våga det usikre og sårbare, som er naudsynt for å setja sunne grenser for oss sjølve. Å møta andre sine grenser er sårbart og kanskje skamfullt, dette må me våga å stå i og ikkje skulda på den andre for å ha grenser. Her er utfordringa å visa empati og aksept både for den andre og seg sjølv.

Å lytta med interesse og medkjensle for den andre, sjølv om me er ueinige eller det den andre seier er beint fram feil, er naudsynt for å koma til ein stad der me ser etter løysingane. Først adressera begge sine kjensler og behov, deretter saka og løysingane. Då kan konflikt føra oss til kreativitet og fellesskap.

### *• Kva konkrete tiltak skal du i gang med?*

Lokalt vil eg byggja vidare på det som er bra. 'Trygg start' er eit opplegg jordmortenes-ta i Øygarden kommune tilbyr for vordane og nybakte foreldre. Det er eit for trengt nålauga for å få tilgang på dette tilbodet. Eg vil i første omgang leggja til rette for at alle foreldre kan få ein 'Trygg start'. Deretter gje tilsvarande tilbod for alle, fordi det handlar om korleis vera menneske i relasjonar.

Internasjonalt vil eg senda alle statsleiarar på tilsvarande kurs!

### *• Kva film har inspirert deg i det siste?*

Deeyah Khan sin dokumentar – 'I møte med fienden' der ho viser interesse for menneske bak meiningane til folk som meiner at ho ikkje har livets rett.